



---

## Notat

---

Til: Ambjørg Reinsnos, OPUS Bergen AS

Kopi til: Tonje Nepstad Epland

Saksbehandler: Teknisk forvaltning/Kjersti Flatråker

Vår referanse: 14/524 - 1 /

Dato: 21.02.2014

---

### Emne: Snekkevika - kort oppsummering etter møte med Fylkeskonservator 13. februar 2014

Tilstades:

Per Morten Ekerhovd, fylkeskonservator

Tore Bjørgø, kulturminne HFK

Øystein Skår, kulturminne HFK

Anne-Katrine Vabø, plan HFK

Ambjørg Reinsnos, planleggjar OPUS Bergen AS

Kjersti Flatråker, arealplanleggjar Radøy kommune

OPUS Bergen AS hadde bedt om dialogmøte med fylkeskommunen etter å ha fått motsegn på planframlegg i Snekkevika.

Det er kulturhistoriske registreringar utført av HFK funne 4 steinalderbuplassar innafor planområdet. Øystein Skår la fram rapport (45 2013 vedlagt) og fortalte om arbeidet.

Hordaland fylkeskommune ynskjer ein samanhengjande omsynssone rundt kulturminna. Sjå vedlagt kart. Det vil røre ved 8 tomtar innafor planområdet samt veg og parkering. Tiltakshavar eig berre delar av planområdet og har difor ikkje så mykje å gå på. Men det vart diskutert om ein kunne justere vegtrasee og liknande. Det skal uansett vere 5 meter sikringssone rundt kulturminna. Ein kan styre i føresegnene kva som er lov å gjere innafor omsynssone. Tiltak som enkel grusa gangsti kan vere tillate.

Fylkeskonservatoren var opptatt av kommunen sitt utgangspunkt i saka. Området er i kommuneplanen lagt ut til byggeområde for fritidsbustader. Det finst ein eldre reguleringsplan som no skulle endrast og kommunen har vore positive til ei fortetting av eksisterande hytteområde. I kommuneplanen er ikkje område konsekvensutgreidd, så det er teke atterhald om at det kunne dukke opp tilhøve som ikkje var kjende. Planarbeidet er i tråd med overordna plan.

---

#### Post

postmottak@radoy.kommune.no  
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

#### Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00  
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no  
Konto 3636 07 00776  
Org.nr. 954 748 634



Alternative vegar vidare:

- 1) Justere planen
- 2) Frigiving av kulturminne

I utgangspunktet skal alle slike fornminne bevarast. I dette tilfellet er det nokon som peiker seg ut som meir viktige og ein kan søkje om å få frigi dei andre.

Skal ein søkje om frigiving av kulturminne er det fylkeskommunen som søker Riksantikvaren om dispensasjon frå kulturminnelova. Det vert sett krav om full utgraving som tiltakshavar må betale for. Det er Universitet i Bergen som står for utgraving.

OPUS må ta ein diskusjon med sin tiltakshavar om vegen vidare. Når han har bestemt seg melder dei tilbake til Radøy kommune som vidare tek kontakt igjen med Hordaland fylkeskommune.